

Jekta Tre Brødre¹

Jakob Sørbo



Jekta Tre Brødre malt av Ole Woll. I privat eie.

Når eg ser på maleriet av jekta til Torstein – som dette er eit fotografi av – då dukkar det opp så mange barndoms- og ungdomsminne at eg trur eg må skriva litt ned. Kanskje det kunne ha interesse for "komande slekter".

Først litt om sjøve fartyet. Det var ei ganske stor – såkalla hardangerjakt – altså bygd i Hardanger. Lengda på sjøve fartyet var ca. 16,5 m – og breidda var ca. 6 m. Lengda på masta var totalt 22 m – og baugspydet (jagarbommen) ca. 6 m. Har det nokon interesse – så kan eg jo nemne namna på segla. For å ta dei framanfrå – så var det jagar – klyver og fokk. På baksida av masta storsegl og toppsegl. Råseglet – eller skværseglet som det heitte – var ikkje i bruk på korte turar. Då var øverste rå fira ned på den nederste – og seglet fastgjort – det vil seia surra godt fast til rærne.

Både under nederste rå – og under klyver og jagarbommen hang det tau (pert) som me gjekk på når segla skulle gjerast fast (og likeeins løysast att). Då måtte me alltid ha skor med hæl (ikkje slette under), ellers kunne me lett glide av tauet og detta ned. Det kravde ein viss trening å gå i denne taubukta – ikkje minst når skuta hivde i sjøen. Alle desse segla hadde tau som me heiste dei opp med (fall), og skjøter nede – som heldt dei på plass der. Og kvart av desse taua var festa på ein bestemt plass – slik at me kunne finna fram til det rette tauet når det var mørkt. Det fanst jo ikkje lys på dekket. Og segla måtte jo endrast likså vel om natta som om dagen – anten det var for at vinden friska på – eller at me "tok hamn". Det har imponert meg nå i ettertid kor godt dette kunne gå – endå det var 12-15 forskjellige tauer og plasser å halde greie på. Jekta hadde ikkje motor – men var heilt avhengig av vind og segl. Truleg ei av dei siste på norskekysten som var det. Torstein kjøpte denne jekta i 1922 – og eg fekk vera med å henta henne på Jørpeland. Då var eg 7 år gamal.

Men eg må nemna litt om skipperen og eigaren Torstein og – eller Tossen som han til dagleg var kalla. Han var husmannsson og einebarn (fødd i 1873). Født og oppvoksen i "Tossenhuset" i Habn. Faren heitte Lars – og var etter det eg har høyrte – endå meir av ein original enn Tossen. Så var det vel kje så rart at dei to ikkje kom like lett overeins alltid. Dei hermde at Lars eingong skulle ha sagt: "Eg trudde at han skulle bli meg ei støtte i alderdommen – men så vart han eit kors – eit huskors". Så alvorleg kunne

nå kje dette vera meint – for dei arbeidde nå i lag på seglfartyet så lenge faren hadde helsa. Han døydde nokså tidleg. Men forholdet mellom Tossen og mora var svært godt.

I Mosterøyboka er det opplyst at foreldra i 1875 fødde 6 sauer og ein gris på det husmannsstykket dei hadde. Det fylgde jo alltid med arbeidsplikt til garden dei var husmenn under. Det var visse dagetal i våronn – slåttonn og haustarbeid. Og det var rådsdrenge på garden som bestemte når dei skulle møte opp. Då heiste han flagg på Lumberen – slik at samtlige husmenn (for dei var fleire) såg det – og måtte møte opp. Lars hadde og eit lite seglfarty som han for i fraktfart med – mest på korte turar – og her vart Tossen med som mann alt i barneåra. Han fortalde sjølv at han hadde vore tre gonger i Bergen før han vart konfirmert – og den eine gongen var det han som hadde ansvaret som skipper. Som mannskap hadde han ein fordrucken fyr fra Stavanger som det ikkje var så mykje greie med.

I hans barndom levde også besteforeldra til Tossen. Bestefaren var blind i alderdommen. Dei var såleis fem menneske som både åt og sov i stova i Tossenhuset. Så det var vel kje så rart at nabokona- Åraks-Metta – ofte sa når ho stakk innom: "Jødemenn – for ei luft". Mor til Tossen hadde heller ikkje ord for å ha den store sansen for reinsemd og frisk luft. Dette hadde nok Tossen og arva litt av. Om glasa kunne opnast veit eg ikkje – eg såg det i alle fall aldri. Derimot hugsar eg at han tetta dei med gammalt smør om han kjende trekk – og nøkleholet i døra hadde han tetta med bomull. Ikkje så rart at lufta i stova var så som så. Men når det gjaldt matstellet vil eg seie han var relativt reinsleg.

Skulegang var det smått med i den tida. Kanskje han og forsømde ein del – og var med faren på fartyet. Men i den tida var her ofte såkalla kveldsskulekurs – for dei som var ferdige med folkeskulen. Desse kursa var gratis – og her var Tossen ein flittig gjest. Om han etter kvart var langt eldre enn dei fleste tok han kje så tungt. Han hadde gode evner – særleg i rekning – og hadde eit fantastisk minne. Det vart stifta eit leselag her på Bru i hans ungdom – og der var han medlem. Klassikarane – Ibsen – Bjørnson – Kielland – Lie o.fl. fekk han låna her – og like opp i alderdommen kunne han koma med sitat frå desse bøkene – ikkje minst frå Ibsen.



Forfatteren Jakob Sørbø som konfirmant.
Foto i privat eie.

Men i "mi tid" var det stort sett berre Aftenbladet han las. Ellers var han ivrig avholdsmann og venstre-politikar – alltid finsleg i sin tale – aldri banning eller simpelt snakk. Dei åra eg var mest saman med han – frå ca. 1925 til 1935 – var han altså i 50-60 års alderen. Då hadde han fått kjøpt både grunnen huset stod på – eit lite jordstykke rundt – og like eins bryggja – sjøhuset og eit naust. Så då var han løyst frå husmannsplikta.

Tossen hadde også tidlegare hatt ei noko mindre jekt som han hovedsakeleg for i trelastfarten med. Mellom andre var også far (Andreas) med fleire turar til Austlandet då. Eg har tidlegare nemt at eg alt frå 7-8 års alderen fekk vera med på ymse småturar rundt om – eg tykte det var stor stas. Alt før eg vart konfirmert fekk eg vera med som mann ombord, på korte turar sjølvsgt. Men i 1933 var eg med ein tur til Fredrikstad – og det må eg nemna litt meir om.

Eg noterte litt i ei notisbok då – og den boka har eg, heldigvis. Det gir meg nokre haldepunkt. Sommaren 1933 var uvanleg turr. Graset tok til å svi av der det var grunnt (lite jord over berg) – så bøndene fann det klokast å ta til med slåttent alt i fyrstninga av juni (det vanlege var i slutten av juni). Og sjølv om det kom nokre lette regnbyger som seinka høyturkinga litt – så var me ferdige med slåttent 24. juni. Tossen utsette Austlandsturen litt – slik at eg kunne vera med og få høyet i hus. Men mandag (26.6) bar eg ombord dei ting eg skulle ha med meg – seng- og gangklede – litt steintøy o.a. Noko hadde eg vel tatt ombord tidlegare. Me hadde litt kluss med å få ankeret laust, men middagstider heiste me segl og starta turen. Det var nordvestleg vind så me måtte kryssa ut Soknasundet. Mor – far og dei andre heime sto på tunet og vinka – meist som det skulle vera ei Amerikareis (det var korkje tre eller verkstadbygg som stengde for utsikta då). Men det var kje meir enn dei var komne vel i hus – så vart vinden så frisk at Tossen meinte me kunne like godt snu og segla inn på Habn og "tørna" (sleppa ankeret). Mor gjorde litt ap med meg då eg kom heim då – ho tykte dei hadde tatt så fin avskjed.

Men alt neste dag (27.6.) kryssa me ut sundet. Det varde kje lenge før vinden friskna då heller – og Tossen rekna med at det ville bli nordvest-

kuling. Difor søkte me hamn i Tananger. Det kom ei kraftig torebyge – og vinden sprang over til sudaust-kuling ei stund. Me vart liggjande over ein dag i Tananger – for motvind. Var i land og handla litt o.a. Men torsdag morgon (29.6) gjekk me segl – som det heitte. Vinden var flau – og me heiste alle segl. Frå morgonen av gjekk det seint – men vinden friskna utover dagen og farten auka. Kl. 17 passerte me Egersund – og kl. 21.30 var me utanfor Lista. Me heldt oss ganske langt frå land – ei og opptil to mil – og det var første gongen eg var så langt utpå havet. Jekta – som eg tykte var så stor når me var nær land – vart nå så bitte liten i forhold til det vide havet.

Og sjølv om været var fint – var tungsjøen ganske stor – etter mitt skyn då. Heldigvis vart eg ikkje sjøsjuk. Me minka litt på seglføringa – og eg gjekk til køys. Då eg vart purra ved 3.30 tida om morgonen var me ved Ryvingen fyr utanfor Mandal. Været var fint – sjølv om det var ein del sjø – så me heiste litt meir segl – og Tossen gjekk til køys. Han hadde hatt lang vakt, men det var han nok van med – og han let gjerne ungdomane han hadde med seg få sova lengre enn han sjølv. Eg for min del tykte klokka gjekk fælende seint når eg var åleine på dekk. Nå flaua vinden av etterkvart – og då Tossen kom opp i 8.30 tida (30.6), var det stillt. Me var då utanfor Flekkerøy – ikkje så langt frå Kristiansand. Her vart me nærast liggjande å reke det meste av dagen – berre litt vindgræl av ymse retningar – slik at me til tider hadde styrefart. Tossen og eg kvilde kvar si stund. I kveldinga fekk me såpass vind at me kom oss inn i Ulvøysund – ei uthamn litt aust for Kristiansand. Her låg me i ro med natta.

Men alt neste morgon då Tossen purra ut var det "god vind" – det vil seia nordvestleg. Me gjekk segl i 8 tida – og nå sigla me "innaskjers" – mellom holmar og skjer eit stykke. Det var sjølvsagt meir interessant. Men det kravde nokonlunde stabil vind. Tossen var lokalkjend – så han hadde ingen vanskar med leia. Likevel stakk me ut i fritt farvann etter ei tid – og vinden svinga også. Me hadde alle segl oppe – og det gjekk ganske bra det meste av dagen. Me passerte både Lillesand – Grimstad og Arendal – på god avstand då. Men så flaua vinden av – og då me var utanfor Lyngør i 8 tida om kvelden var det stillt.



Forfatteren Jakob Sørbo (1915-2004).
Fotograf: Asbjørn Sørbo. I privat eie.

Me koka middag og åt – og i 10 tida gjekk Tossen til køys – medan eg hadde vakt. Det kom litt nordleg vind – og med alle segl oppe vart farten bra. Utover natta friskna vinden på – og vindretninga gjorde at me skar lenger og lenger ut frå land. Eg hugsar at eg lika meg berre så måteleg – men eg purra kje Tossen før han sjølv kom opp i 2 tida. Då var det nærast kuling (sunnavinden er kje så sterk) og me måtte berga segl. Fekk ned toppsegl og jagar – og la ned skværseglet. For første gong var eg oppe og gjekk i perten på råa under fart. Halvmørkt var det jo også. Tossen gissa på at me var godt eit par mil ut frå Langesundsfjorden – og me laut kryssa oss inn under land att. Eg var til køys i ca 1,5 time – då hadde vinden flaua – og i 11 tida sundag føremiddag ankra me opp i Stavern.

Etter å ha ete og kvilt litt tok me oss ein tur i land. Som det viser på biletet var båten alltid oppheist under fart – så den laut me fira ned når me skulle "av borde". Me såg oss litt om i Stavern – og tok oss også ein tur til Larvik. Der var me mellom anna såvidt innom den bekjente Bøkeskogen. Tossen hadde stor sans for at eg fekk sjå meg om. Notisboka seier ingenting om buss eller bil – og eg meiner at me gjekk begge veier. (Eg veit at Berit protesterer – for det er 8 km frå Stavern til Larvik). Tossen var fæl til å gå – sjølv om han ikkje brukte så stor fart. Til dømes gjekk han ofte frå Stavanger til Sandnes når han hadde ærend.

Det var såkalla reiparbane i Stavern – der dei laga tauverk – og mandag føremiddag var eg med Tossen dit, der han kjøpte eindel tau. Etter middag heiste me opp båten og siglde ut fra Stavern. Vinden var fra først av flau – og svinga i ymse retningar, men enda opp i frisk nordavind (eller nordvest). Me laut ta inn rev i storseglet – og då me for ned om Ferder var det kuling. Seinare tola det – og kl. 21.30 om kvelden tørna me Fjeldskilen – ca 1,5 mil utanfor Fredrikstad. Dermed var me komne til plassen der me skulle lasta – ei snau veke etter at me reiste heimanfrå. Det vart rekna som rimeleg bra tid til seglfarty å vera. Heimturen skulle vise seg å bli "adskilleg" meir tid- og tolmodskrevjande. "Kantrari" - kalla fartyfolk det.

Men først litt om tida i Fjeldskilen. Me kom til å bli liggjande nokså lengje her. Dels fordi Tossen var nokså nøye med lastinga – ville helst ikkje blanda

saman dei ymse sortar bord – men ha dei kvar for seg. Dessutan vart me seinka nokre dagar av regnver. Fjeldskilen Bruk var frå gamalt av eit nokså stort og solid sagbruk, som hadde levert material både til inn- og utland. Nå hadde nedgangstida gjort at også dei dreiv med sterkt redusert drift. Tømmeret vart fløta ned Glomma – og vart teke opp og kløyvd til plankar og bord. Det meste vart så vidarebehandla til høvellast – slik som klenningsbord – golvbord og dei ymse slag panelar. Det var stort sett høvellast me skulle ha.

Praktisk tala all eksport av trelast frå bruket vart send herfrå sjøvegen. Men sidan her var nokså langgrunt måtte alle større farty som skulle ta inn last liggja for anker ute på hamna. Difor hadde bruket nokre store flatbotna prammar – såkalla husprammar – som dei la materiala på, og slepte dei med slepebåt ut til fartyet som skulle lasta. Desse prammene var overbygde – slik at materialane låg tørt om det regna. Difor namnet huspram. Me fekk og lasta tilført på ein slik pram. Dei bytta forresten pram og før me hadde fått det me skulle ha – og alt tok si tid. Så me var kje ferdige med lastinga før 17. juli.

Men me var også med på andre ting. Søndag (19.7.) kom ein av kontorfolka på bruket og tok oss med i motorbåten sin til Hankø. Der var det stor internasjonal seglregatta – som gjekk over fleire dagar. Det var båtar frå ni nasjonar – engelske – franske – tyske – amerikanske o.s.v. Dei fleste av dei store låg inne på hamna då me var der – og det vrimla av motorbåtar som var der for å sjå. Truleg den største lystjakta var fra New-York. Den hadde tre mastrar – og ein motor på 2400 hk. Så dei slapp å liggja å reke – slik som oss – om vinden stillna. Kontormannen satte oss iland ein stad som heitte Okseråkilen. Då fekk me ein fin tur å gå gjennom skogen, sa han. Og det var sant nok, om det ikkje hadde vore så fælende varmt. Sola steikte rett ned i hovudet på oss – og det fantes ikkje vindpust. Tossen var godt kledd – hadde både ullbol – ditto skjorte – vest og trøye. Og trudde at han kom til å "renna av". Han gjekk med Rennesøyhuva i neven – og brukte henne til å tørke sveitten or augene med når det vart for gale. Lommeduk trur eg aldri han hadde hatt. Men før me kom til Fjeldskilen møtte me ein tom drosje på veg til Fredrikstad. Den stoppa me – og køyrde like godt til

Fredrikstad.

Etter å ha fått oss mat på ein kafe – tok me toget til Sarpsborg. Tossen meinte eg måtte se Sarpsfossen (Norges vassrikaste foss) før me drog vestover. Og me var oppe og sto ei stund på brua som gjekk like over fossen. Det var jo imponerende. Attende til Fredrikstad tok me ein liten rutebåt som gjekk på elva – og frå Fredrikstad tok me så buss. Me kom ombord kl. 12 – natt, så dagen var vel utnytta. Me hadde endå eindel att å lasta, men nå vart me hindra av regn. Dekket hadde gisna i sola og den sterke varmen me hadde hatt – og eg vakna ei natt av at det draup ned i køya til meg. Heldigvis fekk me opphaldsver og sol ein dag eller to seinare, og då fekk me lufta og tørka både sengekleda og andre klær. Det trongst.

Sundag (16.7.) var me på gudstjeneste i Vestre Fredrikstad kyrkje. Me kjøpte oss middag på Kaffistova åt Bondeungdomslaget – det kosta oss kr. 1,10 kvar. Det var ein fredeleg og koseleg plass. Glomma renn gjennom byen – og deler han i to. På den tida var der ikkje bru over elva – men ferge som gjekk heile tida. Me var ein tur over i gamlebyen – som dei kalla det – og såg oss litt rundt. Det var ein sterkt militærprega bydel – med gamle festningar o.l.

Tossen (og eg) hadde snakka om å ta oss ein dagstur til Oslo – om me kunne få det til å passa – og me var oppe på jernbanestasjonen og studerte rutene. Og då me var ferdige med lastinga på mandag – tok me likså godt iveg på tirsdag. Me sto opp kl. 4 om morgonen (18.7.) – rodde nokre kilometer til ein plass me kunne leggja båten – og gjekk så til Gressvik. Derifrå gjekk det rutebåt til Fredrikstad. Toget gjekk frå stasjonen kl. 8.16 – og etter eitt minutt stopp i Moss – kom me til Oslo østbanest. kl. 9.50. Bilettprisen var kr. 5,20. Me måtte jo gå opp Karl Johansgt. og rundt slottet, men Tossen hadde vore der før – så det gjekk greidt. Me hadde litt vondt for å forstå kvifor alle folk hadde slikt hastverk.

Sidan me hadde vore så tidleg oppe måtte me ha oss litt mat snart – og Tossen visste om Oslo Dampkjøkken – der dei selde billeg middag (lurer på



Tre Brødre i Havn på Bru.
Foto i privat eie.

om det ikkje var Oslo kommunale Dampkjøkken det heitte). 70 øre for ein stor porsjon – alt samla på ein stor tallerk. Me tok tallerken med oss og fann oss ein ledig plass ved eit stort langbord. Der var mykje folk, men heller lite matro. Me fylgde trikken opp til St. Hanshaugen, og rusla ellers litt om kring på måfå. Ingen av oss hadde sett trafikklys før – og det gjekk ei tid før me var klar over kva dei betydde – så me tok nok sjansar av og til. Hugsar Tossen sa det hadde kje gått mange dagar før dei hadde kjørt han ned. For å ha eit lite minne, var eg innom Lutherstiftelsen og kjøpte Sangboken. Var og innom ein kafe og hadde oss mat (kr. 1,05). Me reiste frå Østbanestasjonen kl. 19 – og var ombord att kl. 22.30 om kvelden. Ein temmeleg lang dag.

Neste dag fekk eg brev heimanfrå (19.7.). Det var både første og siste gongen på turen. Sjølv om eg skreiv ofte, så kunne ikkje godt dei svara – dei visste jo ikkje kvar dei skulle sende det hen. Brevet var ikkje akkurat så oppmuntrande. Mor hadde hatt halsesvull. Ho hadde hatt det fleire gonger i min oppvekst – så eg visste det var ein hard påkjenning. Far hadde fått isjias – og lege – nå var han betre og var oppe. Bestefar (Olaus) som var ei god hjelp på garden når det trongst – hadde ved eit uhell holvt kaffikjelen – delvis over den eine foten. Og i tillegg var det så tørt at Ingvar laut kjøre vatn til kyrne frå vaskehuset til Andres (Karl). Eg var litt otten for dei – men då dei ikkje hadde telefon i nærleiken – visste eg lite råd å koma i kontakt med dei.

Etter middag rodde Tossen og eg til Fredrikstad med båten. Det må ha tatt ganske lang tid, for motstraumen var stri i elva – og båten var slett ikkje lettrodd. Me skulle proviantere for heimturen – og dessuten fylle vatn. Difor hadde me vatnfatet med – ei stor eiketønne som tok ca. 130 l. Der var handspel som me heiste den ombord med – og ho låg alltid framfor kokkhuset. Dette var vatn til matbruk – oppvask – drikkevatt – og litt ansikts- og golvvask. Ved vanleg forbruk skulle dette vara i 14 dagar. Ingen stor kvote for dagen, så det er kanskje ikkje så rart at Tossen sa til meg ein gong me skulle iland: "Du vil vel kje vaska deg idag når du vaska deg i går – det kan vel kje vera meining i." Nå var me klar til å starta på heimturen, men vinden var ulagleg – så me vart liggjande til over helga. Nyttida tida til å skrapa og olja masta – setja i stand alt tauverk o. a. Sundag var me ein tur iland.

Og endeleg – mandag (24.7.) – kunne me "gå seil" og forlate Fjeldskilen. Det var passe frisk nordavind – og med alle segl oppe gjekk det fint frå fyrst av, men så tola vinden – og då me kom til Ferder var det stillt. Me koka middag og åt mens me låg der og rek. Etterkvart kom det vestavind – som friska på – slik at me måtte berga skværsegl og jagar. Me gjorde ein baut og segla inn i fjorden mot Sandefjord. Ankra opp innafor ein holme eit lite stykke utanfor byen. Det viste seg at jekta lek noko når ho låg skjeiv til eine sida. Tossen var litt matt av det, for det måtte kje koma vatn opp i lasta. Heldigvis fann me ut kor det lek – og tirsdag (25.7) var me i Sandefjord og fekk tak i drev og mønje til å tetta med. Sandefjord var ein typisk kvalfangstby – og på denne årstida låg mange av dei store kvalkokeria inne her for opp-pussing. Det største var vel Kosmos II. Kvart kokeri hadde ei lang rekke med fangstbåtar – gjerne 12-15 stk. Det var desse som skaut kvalen og slepte han til kokeriet. Forholdsvis små båtar av slepebåt-type – djuptgåande og med sterk maskin. Fangsten gjekk for seg i Antarktis – så dei hadde litt av ein veg å gå.

Me vart liggjande nokre dagar i Sandefjord for motvind. Ein morgon gjekk me seil i fin austavind (medvind), men var kje komne langt ut fjorden – før vinden med eitt sprang over på sør – og det var kuling med ein gong. Me fekk fort ned både jagar – klyver og storsegl – og for inn til hamna med berre fokka. Vinden var så frisk at me forutan å sleppe ut begge ankara – også fekk opp eit tau i ein holme. Det berre knaka og knast, men det varde kje så lenge – så i kveldinga slepte me ned båten – rodde i land og tok ein liten tur til Sandefjord.

Då me skulle tilbake tulla me oss inn på ein ringvei i eit villastrøk – og etter å ha gått ei heil stund var me tilbake på utgangspunktet. Det var skog og ingen oversikt. Me prøvde å spørja oss fram, men då me var i tvil om det var til Hystad – Mystad eller Lystad me skulle – var det kje så enkelt for dei me spurde heller. Heldigvis kunne me fortelja at det var ein brei betongvei me hadde fylgt – og då rettleide dei oss. Eg såg helst det komiske i situasjonen, men Tossen var helst arg (han var vel trøyt og) og meinte han aldri hadde vore ute for maken. Me vart liggjande i Sandefjord til over helga. Fekk ordna ymse småting om bord.

Sundag morgon (30.7.) kl. 8 reiste Tossen til Stokke på besøk til eit søskenbarn som hadde gard der. Eg hadde lese i eit blad at det skulle være misjonsfest på ein gard som heitte Østre Rød om kvelden – og dit ville eg gå. Det var litt vanskeleg å finne fram – men etter å ha spurt seks mann som lite visste – skulle den sjuende eg spurde også til festen, så då fekk eg lag. Det var en sjømann frå Drammen som arbeidde ombord på eit kvalkokeri. På festen – som var i friluft – var det to talarar frå Misjonssambandet – og pause med kaffi og mat. Været var ideelt – og sjølv om alle var framande for meg – så var det koseleg. På "heimveien" – som tok 5/4 time – hadde eg lag med sjømannen eit stykke. Tossen var komen då eg kom fram kl. 22.30.

Måndag låg me i ro for frisk motvind, men tysdag morgon (1.8.) i 7.30 tida gjekk me seil. Det var frisk nordaust – og då me passera Rakkebåene var sjøen så grov at jekta dyppa klyverbommen av og til. Me kom inn i Lyngørleia i tre-tida om ettermiddagen. Vinden flaua av etter kvart – og det vart stilt. Ein yngre fiskar med ein liten motorbåt kom ombord og gav seg i prat med oss. Han batt båten sin til skutesida og sette motoren i gang. Då fekk me ein liten styrefart – og han drog oss til me fann ein passande ankerplass mellom holmane. Då hadde me segla 12 mil. Neste morgon gjekk me seil, men vinden var så flau at det berre var så mykje me hadde styrefart. Ved Eydehavn fekk med motvind, og laut kryssa opp Tromøysundet – til me hadde ankra opp like utanfor Arendal. Dagen etter (3.7) var det frisk motvind – så me låg i ro.

Når det er opphaldsvær skrapar og oljar me – både på mast – klyver og jagarbom – og på dei største taublokkene. Ellers var me i Arendal og kjøpte matvarer – og såg oss litt om i byen. Lørdag var det stillt frå morgonen. Det er ei ganske stor elv som renn ut her – det gjer at straumen alltid går utover. Tossen meinte me kunne hiva opp ankeret – så ville me reka rette veien mens me venta på vind. Det gjekk fælt seint frå fyrst av – men etter kvart fekk me meir vind enn me ynskte – og det var motvind også. Me var ute ved Torungen fyr, men der var sjøen så grov og vinden så frisk at me "bar av" (snudde og segla under vinden) – og segla inn til Merdøy. Det er ein uthamn ei god halvmilsveg utanfor Arendal. Men der var både losstasjon og ein liten handel – så der var ikkje folketomt.

Her vart me liggjande mest ei veke. Været var skiftande: Torevær – sol innimellom – og for det meste kuling. Me laut sleppa det største ankeret for sørvestkuling – heiv det opp når det tola – for så å sleppa det ut at når nordvestkulingen kom. Innimellom fekk me lufta seng- og gangklede – og ordna ymse om bord. Losane hadde ein god utsiktsplass der ein såg utover havet – og me var oppe der nokre gonger. Me rodde også til Arendal eit par gonger.



Tre Brødre i Habn på Bru.
Maleri signert Georg Nedrebø 1947. I privat eie.

Det var eg som koka – og me hadde som regel middag kvar dag. Det gjekk nokså mykje på hermetisk boksemat – slik som fiskeboller – seiekaker og kjøtboller i kraft, forutan turrfisk då. Kokinga av boksematen gikk nokså enkelt for seg. Me berre sette boksen i vatn i kasserollen og let det koka ein stund. Men me måtte setja eit hol eller to i loket så ikkje boksen skulle sprengjast. Sausar klatta me kje med. Visstnok hadde eg skrive opp nokre sausoppskrifter før me reiste heimanfrå, men dei vart aldri prøvde i praksis.

Eg var innom ein frisør i Arendal og klippte håret. Det kosta kr. 1,25. I parantes kan eg nemna at i dag – når eg mest ikkje har hår att – betaler eg kr 110 hos ein "rimeleg" frisør i Stavanger. Så – lørdag 12.8. – altså ei veke etter at me tørna her – var me oppe kl. 04.30 og såg på været. Det var "god vind" – nord-aust, men det var kuling, så me åt og la oss ei stund. I åtte-tida hadde vinden tola litt – me tok inn rev i storseglet – og tok ut frå Merdøy. Klokkå 3 om ettermiddagen var me utanfor Homborsund. Då stillna vinden av og kom i mot så me laut kryssa. Me "stakk ut" revet i storseglet og heiste jagaren. Då me var i Hesnessundet og eg var i arbeid ute på jagarbommen miste eg faldekniven min på sjøen. Om han la seg til rette ved sida av Terje Vigens "sunkne sjekte med tre tønner bygg", er vel tvilsomt, men det jo ein tanke.

Me kom oss inn på ein uthamn kalla Holmane, der me tørna i halvsju-tida om kvelden. Det budde kje folk der, men me fann ut at der var råd å få tak i vatn – så me rodde i land og fyllte vatnfatet. Søndagen (13.8) låg me i ro. Tossen ville helst halde helga, så han gjekk sjeldan seil på søndag. Mens eg kokte middag, rodde han bort i ein holme og tok seg eit bad (lauga seg sa me i den tida). Om ettermiddagen gjorde eg det same – og truleg var dette einaste kroppsvasken me hadde på turen. På ein av holmane var det mykje bringebær – og me var oppe og forsynte oss. Me vart liggjande over ein dag, for frisk motvind.

Då var me inne i Gamle Hellesund – ein typisk sørlandsidyll. Tysdag (15.8.) var det flau austanvind, og me gjekk seil i 8.30 tida. Men det var så stygg sjø utpå – at me kunne kje gå "til havs". Me siglde i leia innanskjærs eit stykke, til me søkte hamn på Skogsøy – litt utanfor Tregde. Altså ei mils veg utanfor Mandal. Det var den mest lune og innelukka hamna me var

innom på heile turen. Her var det praktisk talt stille om det var kuling utanfor – same kva retning det bles frå. Så her slapp me tenkja på å sleppa det største ankeret – det var alltid eit slit når det skulle oppatt.

Det var nokre få småbruk på øya. Dei var det vel helst konene som dreiv – for mennene måtte vel vera borte på anna arbeid. Ei anna øy – Buøy – høyrde også til desse småbruka – og her hadde dei dyr gåande i sommarhalvåret. Dei hadde ein spesiallaga flatbotna pram som dei leidde dyra utpå – både sauer og kyr – og slepa han over sundet med ein vanleg robåt. Det var vel helst kyr som ikkje mjølka dei hadde der, men me såg også at dei rodde att og fram med melkebøtta. Det var jo ingen lang rotur. På denne øya var det ein liten topp – der me hadde utsikt ut over havet. Der kunne me kontrollera vind og sjø – og me var dagleg ein tur der. Vinden held seg nå for det meste på vest og sør – til dels med kuling – og det var mykje sjø utpå. Så me vart liggjande ei heil veke her. Næraste handelsmann var på Tregde – ein halvtimes roing frå Skogsøy, og me var innom der og provianterte. Eit problem var vatn – for det var veldig tørt. Men folk var hjelpsame og gav ei bøtte her – og ei bøtte der – så me vart hjelpte. Elles var me eit par turar i Mandal – ca. 8 km frå Tregde. Me gjekk eine vegen – men då Tossen kjøpte ein del tauverk – tok me buss tilbake.

Det var stadig noko vedlikehaldsarbeid på fartøy og rigg – så me var ikkje turistar om me låg værfaste. Skogsøy var ein mykje brukt hamn for frakteflåten – og fleire store såkalla listaskøyter (sjølv kalla dei dei listerlus) var innom. Men då dei hadde motor i tillegg til segl – vart dei aldri liggjande lenge. Nokre av desse folka kom om bord og prata med oss. Men så endeleg – tysdag morgon (22.8.) – var det austanvind frå morgonen, og me gjekk segl. Me skulle segla utanskjers nå. Då me var komne vel forbi Ryvingen fyr sprang vinden over på sør og flaua litt etter kvart av. Ved nonstider var det stillt – og me vart liggjande og driva i helst grov sjø. Eg har visst ikkje sagt noko om det før, men stilla og sjø var nokså slitsamt – for dei store segla slo så veldig. Me rek vestover på straumen – og i 23-tida om kvelden var me utanfor Lindesnes. Eg fekk gå til køys, men hadde så vidt sovna då Tossen trødde i dekket – og eg laut opp. Det var kome ei torebyge med kraftig vind, og me måtte berge jagaren.

Hugsar ennå at eg var glad at Tossen tilboud seg å gå ut å gjera fast jagaren – dersom eg heller ville styra. Det var så mørkt at eg som kom opp frå lam-pelyset såg ingenting. Etter ein halvtimes tid var torebyga over, og det vart "pyttstillt". Jekta svinga rundt så me fekk lysa på land på "galne" sida – Tossen tykte det vart rangvendt. Me var oppe begge til kl. 2 – då fekk eg gå til køys att.

Då eg kom opp kl. 6 onsdag morgon (23.8.) var me ikkje komne lenger enn litt vest for Lista. Vinden hadde dreia til nordvest, og me måtte kryssa. Vende innmed land og stod utover havet. Me tok lange bautar – men sjøen hadde roa seg – så eg kokte middag. Om kvelden var det meininga me skulle gått inn på Egersund – og fått sove i ro om natta. Men då me nærma oss land flaua vinden av – og då Tossen merka det, snudda han utover att. Det var ingenting han var meir redd for enn å få stilla heilt nære land. Då hadde me ingenting å berga oss med om me ville reke opp i brenningane. Eg gjekk til køys i 22-tida – og kom opp på vakt kl. 3 torsdag morgon (28.8.). Det var då heilt stilt – og Tossen gjekk til køys.

På denne vakta opplevde eg noko som eg lite har snakka om. Stilla og tung-sjø har eg nemnt før. Nå var det det – og storseilbommen for frå side til side og rykte fælt i blokker og tauverk. For å hindre noko på dette – hadde me laga ei dobbel taustropp i bommen – som me surra fast på eine sida. Men så rykte plutseleg bommen surringa tvers av – den doble taubukta for nedover hovudet på meg – og det stramde til om halsen. Som ved eit under – og det meiner eg det var og – stoppa bommen på halvvegen ut til sida – og kom innover at slik at eg fekk tre meg laus. Ei oppleving eg aldri har gløymt.

I 7-tida kom Tossen opp – og eg gjekk til køys. Men like etter kom det ei torebyge – og eg måtte opp att. Me måtte berga jagaren, men ellers vart det ikkje så veldig frisk vind – derimot kraftig regn. Då me kom til lands var me på Obrestad – og ved neste baut ved Rott. Då var vinden så frisk at me laut reva seglet. I kveldinga (28.8.) segla me så inn Soknasundet – og tørna i Habn heime.

Godt 8½ veke hadde me brukt på turen – ein av dei lengste

Fredrikstadturane Tossen hadde hatt. Men ingenting gale hadde skjedd – og me hadde både liv og helse i behold. Far var framleis ikkje god frå isjiasen, men elles sto det bra til heime.

For at ikkje inntrykket frå "seglskutetida" skal bli altfor mørkt, må eg ta med at det slett ikkje alltid gjekk så seint som på denne turen. Dei første åra Tossen hadde denne jekta hadde han alltid to – og stundom tre austlandsturar i sommarhalvåret. Det var også avhengig av kor fort han fekk selja ut material-lasta.

I 1934 var eg ein tur i Arendal etter last – og det var ein av dei "snare" turane. Eg skal ikkje gå i detaljer, men berre nemna at då sigla me frå Bru den eine dagen – og tørna i Holen i Søgne (litt vest for Kristiansand) den neste. Her skulle me på slipp – og trong to-tre dagar. Så reiste Tossen og kjøpte last på eit sagbruk litt oppe i landet. Me segla til Arendal – det gjekk ganske greitt – og her kom materialane ned med toget. Så fekk me liggja ved jernbanekaien og lasta.

Me vart ferdige med lastinga ein lørdag – og gjekk seil måndag morgon – og var heime tysdag ettermiddag. Altså vel eit døgn på same strekninga som me på fyrste turen – iberekna "landliggje" brukte 16 døgn. Så det kunne sakte gå ganske fort også. Men noko rute gjekk det kje å setje opp – ein måtte berre innretta seg etter vær og vind – og ta det med "tolugt mot".

NOTE 1

Denne beretningen er skrevet av Jakob Sørbø (1915-2004). Han var født på Bru i Rennesøy kommune, vokste opp på gård og arbeidet som tømmermann/snekker fra slutten av 1930-årene. Han skrev denne teksten på oppfordring fra sine barn da han var om lag 70 år gammel. Den bygger på ei notatbok han hadde med seg da han i 1933 seilte en tur med Tre Brødre. Der står alle datoer og steder innført. Eierne av skuta, Torstein ("Tossen") Bru, levde av å kjøpe materialer i Fredrikstad, frakte dem til Rogaland og selge ut i smått. Han var et særpreget menneske som mange husker. Han var lite interessert i modernisering og installerte aldri motor i fartøyet sitt.